



GJESDAL-SANGEN

Melodi: "Jeg har båret lerkens vinger"

Som ei borg bak Jadar-sletta, Gjesdalfjella ligg til trygd.
Fjell og dal seg saman flettar, til ei stor og vakker bygd.

Her ved fot av fjell og lier, heim ved heim er reist i tru.
Gjesdalbu si lukke smider, glad og nøgd med eige bu.

Tung var steinen, hard var grunnen, sveitten rann og vona seig.
Lyse tonen att var funnen, garden vaks og modet steig!

Så ein dag den nye songen, steig frå bygdas industri.
Unge krefter kjende trongen, skapa så den nye tid.

Her vi takker alle saman, for den gode grunn dei la.
Dei held ut i sut og gaman, arven rik dei frå seg ga.

Gud, du signe Gjesdal-grenda, la din kjærleik strøyma ned.
Evelyset du må tenna, så vår bygd kan eiga fred!

K.B. Lima